
Fra: Turøy, Tor G. <fmhotgt@fylkesmannen.no>
Sendt: onsdag 2. mai 2018 16:24
Til: Postmottak Meland
Emne: Påminning
Vedlegg: Document.pdf

Til Meland kommune

Eg viser til vårt brev dagsett 29. mars 2017, sjå vedlagde kopi.

Eg kan ikkje sjå at vi har mottatt rekneskap og revisorattest for statstilskotet til vidareføring av to stillingar ved barneverntenesta, og vil difor minne om dette. Når vi har mottatt rekneskapen og revisorattesten for 2017, vil vi vurdere tilskot for 2018. Dersom pengane ikkje er nytta etter føresetnadene, skal dei tilbakebetalast til statskassa.

Eg minner om at tilskotet skal nyttast til løn og lønsrelaterte utgifter. Dette inkluderer overtidsgodtgjering, kompensasjon for ubekvem arbeidstid, feriepengar, arbeidsgjevaravgift, pensjonsavgift og eventuelle andre sosiale utgifter. Tilskotet dekkjer ikkje administrasjonsutgifter, telefonutgifter, kontorutgifter, reiseutgifter, godtgjering for bruk av eigen bil eller innkjøp av konsulenttenester.

Eg ber om at oversendinga dykkar vert merkt med vårt saksnummer 2017/4267.

Med venleg helsing
Tor G. Turøy
seniorrådgjevar
Fylkesmannen i Hordaland
Helse- og sosialavdelinga